



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - L12	14/103

ORIENTERINGSSAK - UΤBYGGING AV STANGHELLE VEST TETTANESET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

Saksopplysningar:

Saka er behandla i Kommunestyret - Sak 48/2015 som gjorde slikt vedtak:

Kommunestyret er rådmannen gjennomføre ein anbodskonkurranse for offentleg privat samarbeid/utbyggingsavtale for bygging og sal av bustader for 1. byggjetrinn for Stanghelle vest med opsjon på vidare byggetrinn. Det er stor risiko i prosjektet og kommunen må rekne med store kostnader. Formannskapet vert styringsgruppe og tek regelmessig stilling til risikoen i prosjektet.

Anskaffinga skal skje etter forhandling, eventuelt som konkurranseprega dialog, jamfør lov om offentleg anskaffingar.

Utbyggingsavtalen skal godkjennast av Kommunestyret.

Kommunestyret ber om at det parallelt vert utført ei markedsundersøking lokalt og regionalt der rapporten vert framlagt for kommunestyret og sammen med sak om godkjenning av utbyggingsavtale.

Det vert gitt ein orientering om status i prosjektet på møtet, jamfør vedlagte rapport framdriftsplan.